



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref  
2015/9427-2

Vår ref  
15/1238-93

Dato  
28. februar 2018

## **Ferjeavløysingsordninga - Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for fastlandssamband til Huglo, Stord kommune**

Samferdselsdepartementet viser til brev av 31. januar i år, om førehandsavklaring av om fastlandssamband til Huglo kjem inn under ferjeavløysingsordninga for fylkesveg. Departementet viser vidare til førespurnad frå fylkeskommunen 8. juni 2017 og svar frå departementet 26. juni 2017 i saka.

Retningslinjer for ferjeavløysingsordninga for fylkeskommunale ferjesamband er fastsette av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Samferdselsdepartementet, og sist reviderte 10. november 2017. Retningslinjene er presenterte i vedlegg 5 i kommuneproposisjonen for 2018 (lagt fram i mai 2017), og med seinare revisjon i brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til fylkeskommunane av 10. november 2017.

Det går fram av retningslinjene, punkt 4.1, at fylkeskommunen skal avklara med Samferdselsdepartementet om vegprosjektet kjem inn under ordninga før det vert utforma endeleg søknad om ferjeavløysingsmidlar. Vidare går det fram av retningslinjene at ordninga gjeld for fylkeskommunalt ferjesamband som vert avløyst eller korta inn av eit fylkeskommunalt vegprosjekt, jf. punkt 3.1. I dette tilfellet vert hovuddelen av sambandet (Jektavik – Hodnanes) erstatta av ny riksveg. Denne delen av sambandet fell derfor utanfor den fylkeskommunale ferjeavløysingsordninga. Den resterande delen av det fylkeskommunale sambandet, Hodnanes – Nord-Huglo, vil på si side kunna falla inn under ordninga med ferjeavløysing, dersom krava som gjeld ferjeavløysing elles er oppfylte, jf. nedanfor.

Postadresse  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.sd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 904

Avdeling  
Veg-, by- og  
trafikkikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar  
Dag Namtvedt  
22 24 82 49

Storleiken på eventuelle ferjeavløysingsmidlar vil verta fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet for prosjekt som vert godkjente som ferjeavløysingsprosjekt. I dette tilfelle gjeld det strekninga Hodnanes – Nord-Huglo.

Følgjande krav vert stilte til ein fullstendig søknad:

- Det må liggja føre ein godkjent reguleringsplan (jf. punkt 3.3 i retningslinjene).
- Det må liggja føre ein realistisk finansieringsplan for prosjektet, med eit kostnadsoverslag med ei uvisse på maksimalt +/- 10 prosent (jf. punkt 3.3).
- Det skal vera gjennomført ei ekstern kvalitetssikring for prosjekt med ei kostnadsamme på over 750 mill. kroner (jf. punkt 3.3).
- Søknaden må vera handsama av fylkestinget og fylkestinget må ha gjort eit prinsippvedtak om prosjektet (jf. punkt 4.4)
- Søknaden skal innehalda informasjon om det nye vegnettet, inkl. framdriftsplan og opplysningar om endringar i veglengda fordelt etter vegtype/vegelement, vegstandard og trafikkprognose i ÅDT i opningsåret (jf. punkt 4.5).
- Dersom prosjektet omfattar bompengefinansiering, skal bompengesøknad og søknad om ferjeavløysingsmidlar sendast Statens vegvesen i same sak (jf. punkt 4.5).

Med helsing

Ola Brattegard (e.f.)  
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt  
underdirektør

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar*

Kopi:  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet